Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1 — Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. — Herad: Strandebarm

Emne: Transport av höy — Bygdelag: Omastrand

Oppskr. av: Andr. Omås, Lærar og gardbrukar. — Gard: Oma, Gjerde, Vikane, Viken, Dyrvin, Havn, Teigland m.fl.

(adresse): Omastrand. — G.nr. — Br.nr. Havn

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eigi röynsle; no 71½ år.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ja, på dei fleste gardar brukar dei no hest til å köyra höyet til hesjarne og til löa, når det er turt. Men på små gardar utan öyk, ber dei höyet på bog- (byrder på ryggen) enno.

I min barndom og ungdom var det få (eller ingen) her i grendi, som köyrde höyet i hus. (Dei som åtte hest, let hesten hava "feri" om sumaren)

Det kom vel ogso mykje av at gardane var skifte i mange teigar på kvar eigar (teigblanding) Dei få som köyrde höyet inn, nytta höysleder – utan hjul.

Det er slutt med å slå i utmarki no.

Men for umlag 100 år sidan (eller kring dei tider) slo dei heilt opp mot fjellet (ovan om skogbandet) fortalde mor. Namnet „Höyhildrane" som enno er bruka, stadfester det.

Det var <u>inderstar</u> (Strandsetjarar) og husmenn som nytta seg av slike slåtter. (No er her ikkjo noko av dette meir her ikring.) Höyet bar dei på bog – byrder med fatle (fasle) på båe akslen frå slåtta og heim når det er turt.

Terrenget er svært ulagleg for köyring.

86

2

2. Til hesjane- eller- turkeplassen brukar ein no helst å köyra
r
eller bera höyet på båretre – laga av 2 stunger (eller ca 2" plank - tillaga mest som meie med höveleg tjukke enden for til å gripa om med hendene) med tverrbord (3-4 bord). Båretreet kan vera ca 1,5 m eller nokso lenger. 


Fyrr var det berre å bera på båretre – eller på ryggen på tog (tau). Börsvolk eller „topp" kjenner me ikkje her. Men sloe av unge tre har vore brukt der det er brattlendt – sloa graset (höyet).

På ein sloe kunde ein vel taka ei byrd eller 2 med gras (nyslege); men det er gjenge mest or bruk med sloe, vel helst av di ein er mest slutta å slå so vel ut i slike brattlendte stader, og det serleg av skort på (billeg) arbeids-hjelp.

Höybyrda (ei) vert laga soleis: Ein legg byrdetoget med hovold på greidt ut over bakken. So fengjer ein höyet (graset) med ei rive og legg 2 fengjer etter ein annan på toget, klemmer du best mogeleg saman, so 2 nye fenger og atter 2 fengjer – ja so mange fengjer som vedkomande kan greida bera. Ein tredder (trer) toget gjenom hovoldi og snörer, gyrder eller knepper byrdi best ein kan, so ho vert so fast og stöd som mogeleg. Beraren set seg so ned for byrda og får med det same den eine fatlen inn på eine oksli. For å få den andre fatlen inn på andre oksli treng han oftast hjelp. Når det
86 er i orden, knepper han fast til. Hjelpesmannen går so attom (bak) byrda og lettar

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

best han kan, so boraren kjem seg på føter.
Det hender ogso at hjelpesmannen står fram
fyre boraren og dreg i tøket; men det er ikkje
so god måte. Boraren held toget på
<u>oksli</u> (ein hender gong ogso på hovudet).

Borni må som regel vera med
i arbeidet, meir fyr enn no, og meir på
avsides gardar enn i tettbygde strøk.

Me kjenner til at folk har brukt snor-
sekk same staden der dei brukte sloe,
men no er det visst slutt med det. Me brukte
namnet <u>rodde</u>, ho var laga som grov not
av tog (hamp). – Rodda høy.

Eg minnest fyrste løypestrengen her – for om-
lag 60 år sidan. Her var 4–5 slike her i grendi
ei tid. No er her visst berre ein eller to att. –

Kipen er gått av bruk her no – dei er sjeldan
og aldri å sjå no lenger. Men for om-
lag 60 år sidan står der bokført: „Ein mand fra
bygden skal assistere læreren med at lære elever-
ne å forarbeide kjiper". (Det galdt eit arbeids-
kurs for „18 drenge".) – At kipen den tid-
taki om tid – vart nytta til å bera høy i – serleg
på smågardar og husmannsplassar – er svært
rimeleg. –

Trillebør er no ofte nytta når ein skal
transportera ~~to~~ nyslege gras frå hagar o. l. st. til
hesjar og turkeplassar. Trillebøra er til slikt bruk
laga av lette materialar: tunne askestrimlar
svigde i ein boge langsetter båra so graset
ligg godt og støtt. Oftast er det då 2 hjul un-
der båra, men ogso stundom berre eitt.

Med 2 hjul kan båra brukast av vaksne
og born. Båra med berre 2 stenger utan


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Tverrbrett har eg aldri sett eller höyrt om her, og kan difor ikkje nemna meir om det.

Förings-reidskap med „f. eks. fire langsgåande trestaver" o.s.b. har eg heller ikkje sett eller höyrt fortalt om. Kan difor ikkje skriva noko om det heller.

3. Tilkovi her på strandi er slik at all höyet vert köyrt heim etterkvart om sumaren — med nokre få undantak. — Utlöene er komne bort etter utskiftningi (for ca. 60 år sidan).

4/

4. Alle brukar langkjerra til å köyra höyet i hus med — mange har no ei grind på den under höykköyringi; då er det greidare med lessingi. Grindane kan takast bort, dersom ein skal nytta langkjerra til annan köyring.

Folk kallar den langkjerra for „höykjerrä"

Firhjult vogn brukar ein ikkje her.

Dammsvagn og hjulslede er ukjend her.

På vintersledane har dei med alltid skoning no. I min barndom og ungdom i (1875 til 1890 eller so pålag) var det helst sledar utan skoning, sommar som vinter.

Kjenner ikkje til nokon sers reglar for kvar ein kunde köyra med meiar eller hjul.

Men reglar for vinterveier — og sumarveier kunde nok finnast. —

No brukar folk gaffel (höygaffel) til å lessa på höyvogni med, og grindane er solis feste (til vogni med jarnböyglar og til kvarandre med krokar eller band) at dei held lasset.

Kor mykje höy det går i eit lass er vel nokso ulikt — etter dei ymse tilhöve —, men 3—4 byrder kan ein nok rekna med.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Noko sers reglar for siste lasset har eg ikkje høyrt om
– det lyt ovta slik som det fell seg.
Men alt må takast vel opp; „etterraksteren"
må ogso bergast, – endå nøgnare med
det fyr enn no.

Dersom ein har grindar på høyvogni,
brukar ein som regel ikkje noka anna feste
for høy- eller kornlasset. Men er høyvogni
utan grindar, må ein hava høytong med
høytong=tog. Gyrdatog er vel kjent namn
her; men eit settelg gyrdatog er vanleg
noko tjukkare og har større og sterkare
hovold enn eit vanleg byrdatog.

Før hadde ein gyrning, hugsar eg frå eg
var smågut, og det står for meg som
om det toget var omlag dobbelt so tjukt
som eit vanlegt byrdatog (bastetog som
var mest bruka den tid).

Høystakk har visst aldri vore bruka her;
difor kjenner eg ikkje til noko visst forhold mellom
høystakk og lass. Heller ikkje mellom sumarlass
og vinterlass. —

Folk her i kring har ikkje meir enn ein øyk
på kvart gardsbruk – altso ein øyk (hest) for
høykøyra. Alle gardsreidskapar er her
rekna til bruk for ein hest, so nær som bakke-
plog (og delvis fjørharv).

5. Fellesslått (samslått) har ikkje vore brukt
her. (Sjå nærmare under 1)

6. Sjå under 1) og 5).

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY